

NVE  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

201801666-222  
KE/ERBJ  
503

Dykkar ref.

Vår ref.  
18/285-7 18/15718  
Jarle Lunde


Arkivkode:  
K2 - S99

Dato:  
22.10.2018

## INNSPEL TIL NASJONAL RAMME FOR VINDKRAFT

Me viser til NVE sitt brev datert 08.06.18 og 05.09.2018. Her blir det mellom anna presisert at denne runden med innspel berre gjeld fagleg informasjon av overordna karakter og at det seinare vil vere mogleg å komme med politiske innspel og generelle synspunkt på den nasjonale ramma.

For å finne fram til dei mest egna områda for vindkraftutbygging har NVE peikt ut 43 større område i Norge som skal analyserast for å vurdere konfliktnivået. Eit av desse ligg delvis i Suldal, område 15.



Me har følgjande merknadar knytt til den del av område som ligg i Suldal kommune, merka med rødt i kartet:

Postadr.  
Eidsvegen 7, 4230 SAND  
Besøksadresse  
Garaneset

Sentralbord  
52 79 22 00  
Direkte tlf.

Telefaks  
52 70 24 05  
E-post  
postmottak@suldal.kommune.no

Bankgiro  
Org. nr.

## Villrein i Skaulenområdet

Villreinen er ein art Norge har eit spesielt ansvar for. Skaulen-Etnefjell villreinområde blir i dag forvalta som eit villreinområde, men består av tre villreinflokkar. Den eine av desse held til i Skaulenområdet mellom Saudafjorden i vest, Hysfjorden i sør og Suldalsvatnet og Brattlandsdalen i aust. For tida er det om lag 50 dyr i området. Områda i Suldal er viktige vinterbeite og kalvingsområde.

Dei små villreinstammene i landet kan reknast for å vere levande «genbankar». Skrantesjuka som er påvist i Nordfjella, med påfølgjande sanering av bestanden, viser kor viktig det er å ta vare på dei ulike villreinområda.

Då villreinområdet alt er svært lite kan ei vidare fragmentering av området kunne få fatale følgjer for villreinstamma.

## Friluftsliv og landskapsverdi

Suldal kommune jobbar for tida med å kartleggja og verdsette friluftslivsområda. Dette skal gi kommunen eit kunnskapsgrunnlag om det lokal friluftslivet og fungere som eit verktøy i kommunen si saksbehandling og arealplanlegging.

På vestsida av Saudafjorden er Sellandsnuten og Hustveitsåta populære turmål med utgangspunkt i Selland. Førstnemnde er merka.

Skaulenområde har ofte vore omtala og verdsett som «villmarksområde» med lite tekniske inngrep og tilrettelegging. På 80-talet «freda» turistforeninga området mot eiga verksemd. Sjølve Skaulen (1538moh) er eit langturmål, særleg i påska.

Rogaland fylkeskommune gjennomførte på 90-tallet eit omfattende kartleggingsarbeid og ein faglig prosess som foretok ei prioritering av landskapsverdiene, samt ein politisk tilslutning til konklusjonene av arbeidet. Resultatene blei nedfelt i rapporten "Vakre landskap i Rogaland" frå 1995, seinare utgitt i bokform i 2009. Dei estetiske landskapsverdier i heiaområdet mellom Saudafjorden, Hylsfjorden og Hamrabø blei omtalt slik:

*Heiområdet har et vilt og særpreget landskap med slående kontraster mellom fjord og fjell, kulturelementer og natur. De enkelte elementene er harmonisk tilpasset hverandre. Området er frodig og variert med store vassdrag i trengte elvegjel og rolige, åpne terrengformer med et særlig velholdt og verdifullt støllandskap. Oppe i selve høgheia er det flere mektige og karakteristiske fjelltopper med Skaulen i sentrum, og en rekke store og små vatn gir variasjon og særpreg. Fravær av store tekniske inngrep gjør heiområdet egnet som typeområde.*

Området har etter dette fått regulert Malldal, Sagå, Tengesdal og Lingvangvassdraget i randområda.

Ein vindpark i omtalte område vil kunne verke negativt inn på friluftsliv og landskapsverdi.

Med helsing

Torbjørn Guggedal  
Kommunalsjef - Plan

Jarle Lunde  
Rådgjevar

Dette dokument er elektronisk godkjent og treng derfor inga underskrift.



7 82 90000

6#55 835530cf-180b-47d2-a63d-c9143d48e3f2 5